



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1415 - 18/10462

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
29.06.2018

## Byggesak gbnr 23/19 Marøy - einebustad og garasje - førespurnad om handsaming av byggesak

Radøy kommune viser til telefonsamtale med Marianne Sandvik og sender førespurnad om Meland kommune kan handsame byggesak på gbnr 23/19 Marøy i Radøy kommune.

### Habilitetsvurdering

Stian Marøy er tiltakshavar og ansvarleg søker.

Stian Marøy er for tida også einaste sakshandsamar på byggesak i Radøy kommune, og er ugild til å handsame si eiga søknad, jf. forvaltningslova § 6.

Teknisk forvaltning i Radøy kommune er ei lita eining med totalt seks tilsette pluss leiar, og det er nær personleg tilknytning mellom kollega. Det er vår vurdering at spesielt storleiken på eininga er «egnet til å svekke tilliten til» at kollega eller leiar kan handsame saka upartisk, jf. forvaltningslova § 6.

### Sakshandsamingsfrist

Saka er ei rammesøknad med 12 veker sakshandsamingsfrist.

Søknaden kom inn 20.02.18 saman med søknad om oppretting av ny grunneigedom for heilårsbustad i LNF-SB område. Det er gjeve delingsløyve og oppmåling/grensefastsetting vil skje førstkommende tysdag. Den fråskilde eigedomen vil få nytt gards- og bruksnummer som skal nyttast i sakshandsaminga.

Silje Haukedal vil vere kontaktperson for saka i veke 28 og vil bistå med tilgang til saka i Acos/oversending av saksdokument.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Stian Marøy

**Mottakarar:**

Meland kommune

Postboks 79

5906

Frekhaug